Grutle	Britt Helen	5555	Førde	Bygningsingeniør	1964
Haugland	Martin Gerhard	5554	Valevåg	Adjunkt/ pensjonist	1951
Liknes	Mikal Johannes	5550	Sveio	Ingeniør	1959
Mundal	Helge	5550	Sveio	Bygningstekniker	1971
Hovda Mølstre	John Tore	5550	Sveio	Kommunikasjon IKT	1992
Valen	Bright Ottar	5554	Valevåg	Maskinist	1951

TYSNES

Etternavn	Fornavn	Postnr.	Poststed	Stilling/yrke	Født
-----------	---------	---------	----------	---------------	------

Nesland	Knut	5690	Lundegrend	Nordsjø/olje, kompetanse innen jord/ skogbruk, eiendom	1963
Midtbø	Åsta	5680	Tysnes	Landskapsarkitekt, kompetanse innen plan/regulering og bygg/anlegg	1975
Storesætre	Magne	5694	Onarheim	Murmester, kompetanse innen jord/ skogbruk og bygg/anlegg	1970
Belt	Arve	5680	Tysnes	Byggmester, kompetanse bygg/anlegg og verdifastsetting	1970

ULLENSVANG

Etternavn	Fornavn	Postnr.	Poststed	Stilling/yrke	Født
Hesvik	Marit			Landbruk	1964
Selsvik	Silje			Helse, institusjonsverksemd (helse- og omsorg)	1981
Nysveen	Anne Gerd	5773	Hovland	Landbruk, Fjellrettar	1967
Opedal	Helga	5781	Lofthus	Rektor grunnskule, landbruk	1962
Tveisme	Anna Gudrun	5780	Kinsarvik	Landbruk, eks. politi	1966
Brattabø	Elin Eide	5627	Jondal	Helse, institusjonsverksemd (helse- og omsorg)	1989
				Helse, landbruk, vernebestemmelsar	
Midnes	Helga	5781	Lofthus	nasjonalpark	1957
Vines	Katrine Måkestad			Barnevern/sosionom,	1988
Aanderaa	Jon Atle	5627	Jondal	Lærer, landbruk	1963
				Næringsliv, reiseliv, hotell, landbruk	
Svartveit	Sjur Ove	5778	Utne		1954
Aga	Erling	5776	Nå	Landbruk, siderproduksjon	1955
Sekse	Johannes H.	5781	Lofthus	Landbruk, avis, journalistikk	1949
Oppedal	Jon	5780	Kinsarvik	Bygningsdrift/vaktmeister	1954
				Reiseliv, sjølvstendig næringsdrivande	
Thorset	Lars Inge	5780	Kinsarvik		1970
Flatebø	Knut	5627	Jondal	Landbruk, politikk	1966
Espeland	Ola	5763	Skare	Landbruk	1971
Sekse	Per Helge	5773	Hovland	Landbruk, eks. politi, fjellrettar	1959
Ekkje	Dag Sverre	5760	Røldal	Lærer, landbruk, politikk	1959
Aga	Lars A.	5776	Nå	Lærer	1983
Aga	Pål	5776	Nå	Industri/teknologi, ingeniør	1974
Johanson	Frode Holm	5776	Nå	Entreprenørverksemd (Mesta)	1974
Larsgard	Jon	5627	Jondal	Landbruk, tidl. ordfører, politikk	1958
				Siv.ing, havn, landbruk, tekniske tenester	
Tolo	Torkjell	5627	Jondal		1980

ULVIK

Etternavn	Fornavn	Postnr.	Poststed	Stilling/yrke	Født
Almås	Bente				1968
Birkelund	Monica				1967
Ljones	Steinar				1965
Øydvin	Bjarne				1968

VAKSDAL

Etternavn	Fornavn	Postnr.	Poststed	Stilling/yrke	Født
-----------	---------	---------	----------	---------------	------

Bergo	Liv Anne	5728	Eidslandet	Rektor / siv agronom	1966
Gullbrå	Unn Evelyn	5728	Eidslandet	Vaktmester	1964
Berge	Ragnvald	5722	Dalekvam	Fagarbeider, buss-sjåfør	1965
Solheim	Jan Steinar	5722	Dalekvam	Pensjonist, ba arkeologi	1951
Rødland	Kjetil	5722	Dalekvam	Selger / tømmer	1967

VIK

Etternavn	Fornavn	Postnr.	Poststed	Stilling/yrke	Født
Bøtun	Olav J	6896	Fresvik	Pensj bonde / agronom	1952
Vikøren	Anders	6893	Vik i Sogn	Dagl leder / arkitekt Dagl leder / ingeniør bygg anlegg	1961
Rinde	Bjartmar	6894	Vik i Sogn		1973
Refsdal	Anette	6895	Feios	Adjunkt	1974
Skogheim	Gry Settevik	6896	Fresvik	Bonde, maskinfører	1984
Aase	Atle Bjarne	6893	Vik i Sogn	Bonde, sjåfør, landbruk	1962
Vikdal	Rita Årevik	6893	Vik i Sogn	Rektor	1971

VOSS

Etternavn	Fornavn	Postnr.	Poststed	Stilling/yrke	Født
Kjerland	Olve	5736	Granvin	Tømrrar	1975
Lid	Kjell Ove	5708	Voss	Bonde	1959
Skjeldal	Magne	5708	Voss	Bonde	1966
Reime	Stian Kyu	5704	Voss	Prosjektlear Sweco Voss	1980
Gjøstein	David S			Byggmeister	1951
Langesæter	Olav	5710	Skulestadmo	Byggmeister	1958
Abbedissen	Tor Johan	5710	Skulestadmo	Pensjonist/byggmeister	1945
Jansen	Oddvar martin	5700	Voss	Økonomi/Styreleiar	1953
Kildal	Eivind	5707	Evanger	Ingeniør, dagleg leiar	1971
Møen	Johannes	5704	Voss	Ingeniør, Pensjonist	1947
Rykke	Irene	5706	Voss	Spesialsjukepleiar	1969
Såkvitne	Elisabeth Blomli	5736	Granvin	Tømrrar/takstmann	1970
Gjelland	Guro Sofie	5708	Voss	Bonde	1961
Nesthus	Kristi	5708	Voss	Hjelppeleiar/bonde	1959
Herheim	Liv	5713	Vossestrand	Kontorfagutdanna	1965
Hutchinson	Aud Walaker	5713	Vossestrand	Miljøarbeider, assistent Sjølvtendig næringsdrivende, dagleg leiar/grunder	1958
Lunde	Renate	5708	Voss		1974

ØYGARDEN

Etternavn	Fornavn	Postnr.	Poststed	Stilling/yrke	Født
Ulveseth Heggen	Anja Sunniva	5357	Fjell	Markedskonsulent	1973
Kløvrud Eriksen	Ann Kristin	5355	Knarrevik	Jurist	1967
Fjæreide	Anne-Sissel	5363	Ågotnes	Finans	1953
Helland Herdlevær	Eva Anette	5354	Straume	Arealplanleggjar	1967
Sæle	Gerd Klara	5355	Knarrevik	Salg / markedsføring	1966
Monsen	Janne	5357	Fjell	Inspektør	1965
Bjørøy	Mariell	5177	Bjørøyhamn	Løsningsanalytikar	1984
Hansen	Kari -Britt	5353	Straume	Berg B Prosessmetallurgi	1956
Sæle	Sigbjørn Grøm	5357	Fjell	Bachelor innen økonomi	1984
Østervold Toft	Kari	5379	Steinsland	Innan Havforskning	1955

Hevrøy	Mai Britt	5381	Glesvær	Økonom	1970
Harkestad Oen	Marita	5337	Rong	Forskulelærer	1973
Jahnsen	Randi	5177	Bjørøyhamn	Ingeniør	1968
Vatle	Sunniva	5363	Ågotnes	Naturgeograf	1988
Bubandt	Tone Elise	5354	Straume	Sosionom	1957
Høyland	Åse Marie	5378	Klokkarvik	Skatt, rekneskap	1962
Algrøy	Arild	5357	Fjell	Installatør elektro	1967
Algrøy	Atle Gunnar	5363	Ågotnes	Byggmeister	1956
Syltøy	Daniel	5354	Straume	Feltingeniør	1983
Johansen	Egil Robert	5337	Rong	Økonom	1968
Natås	Eilert	5382	Skogsvåg	Tømrar	1949
Lohse	Erhard	5341	Straume	Lege	1966
Bergtun	Geir Magne	5357	Fjell	Entreprenør	1973
Golten	Hans	5382	Skogsvåg	Sivilagr./bonde	1949
Brekken Algrøy	Hans Inge	5357	Fjell	Siviløkonom	1953
Lohmann Sandal	Hilde Elisabeth	5177	Bjørøyhamn	Rettleiar Bufetat	1969
Turøy	Jarle Jon	5363	Ågotnes	Byggingeniør	1949
Garlid	Kjell Rune	5363	Ågotnes	Forskalingssnekkar	1953
Lie	Magne	5357	Fjell	Offshore industri, Sub-sea	1958
Rong	Malfred	5337	Rong	Rekneskap, økonomi, revisor	1959
Vallestad	Odd	5382	Skogsvåg	Takstmann	1966
Lie	Peder O.	5360	Kolltveit	Fiskebåtreder	1948
Ulveseth	Per Jan	5357	Fjell	Tømrar/bonde	1962
Skjønhaug	Stig-Inge	5360	Kolltveit	Tømrar	1980
Forland	Torgeir	5379	Steinsland	Bygg og anlegg	1958
Jenssen	William	5353	Straume	Sikkerhetsansvarleg/salg BKK	1954
Herland	Øyvind	5350	Brattholmen	Ingeniør/elektroinstallatør	1951
Lindland-Talle	Lars	5354	Straume	Elektroingeniør	1981
Lie	Yngve	5360	Kolltveit	Tømrer	1961

ÅRDAL

Etternavn	Fornavn	Postnr.	Poststed	Stilling/yrke	Født
Hovland	Magnar	6885	Årdalstangen	Elektroingeniør	1960
Enerstvedt	Siv	6884	Øvre Årdal	Økonomi	1959
Skjelbreidalen	Ingunn	6885	Årdalstangen	Jurist	1973
Melheim	John Normann	6884	Øvre Årdal	Økonomi	1952
Øren Heen	Aleksander	6885	Årdalstangen	Byggmeister, snekkar, Maskiningeniør og	1989
Jevnaker	Knut Olav	6884	Øvre Årdal	prosjektleding	1965
Øyre	Jan Anders	6884	Øvre Årdal	Operatør Norsun	1959
Hatlelid	Arild	6885	Årdalstangen	Fagbrev automatiker, jobbar offshore	1981
Kauppi	Anne	6885	Årdalstangen	Økonomi, elektro.	1965

Saksnr: 2020/45997-52
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	23/20	28.09.2020
Fylkestinget	120/20	29.09.2020

Val av skjønnsmedlemmer for Vestland fylkeskommune for perioden 2021-2024

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjer vedtak om val skjønnsmedlemmer for Vestland fylkeskommune for perioden 2021-2024, som framlagt i notat til møte i valnemnda den 27.09.2020, RS-sak 20/45997-54.

Samandrag

Det går fram av lov om skjønn og ekspropriasjonssaker § 14 (skjønnsprosessloven) at det i kvart fylke skal vere eit utval av skjønnsmedlemmer som vert oppnemnd av fylkestinget, etter forslag frå tingrettane og kommunestyrane. Oppnemninga skal gjerast innan 15. oktober året etter kvart kommunestyreval, og gjeld for fire år frå 1. januar det påfølgjande år. Valperioden for skjønnsmedlemane er 1. januar 2021 – 31. desember 2024.

Skjønnsmedlemmer (tidlegare kalla skjønnsmenn) kan karakteriserast som sakkunnige meddommarar.

Forslag til skjønnsmedlemmer vert lagt fram som eit eige notat til valnemnda.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Skjønnsmedlemmer kan karakteriserast som sakkunnige meddommarar. Dei deltek både i tingretten, jordskifteretten og lagmannsretten i rettslege skjønn og overskjønn (skjønn i lagmannsretten). Slike skjønn er ein form for rettargang kor føremålet som regel er å fastslå verdien av eller rettigheit i fast eigedom.

Skjønn vert og mykje brukt i samband med ekspropriasjon og når område vert verna etter lov om biologisk mangfald. Skjønn kan og brukast i samband med erstatning etter naturskade. Skjønnsmedlemmene skal alltid utgjere fleirtalet målt opp mot talet på fagdommarar.

Skjønnsmedlemmene vert oppnemnd av fylkeskommunen, etter forslag frå kommunane. Det er ingen øvre aldersgrense for vervet. (Jfr. Domstolslova § 70 2.ledd nr. 1.)

Det er skjønnsprosesslova § 14 som regulerer val av skjønnsmedlemmer. Det er eit utval per fylke og kvart utval vert nytta både av lagmannsretten, tingrettane og jordskifterettane i det aktuelle fylket. Det er departementet som fastsett kor mange det skal vera i kvart utval. Fylkeskommunane og kommunane mottek denne informasjonen frå departementet.

Fylkestinget oppnemner skjønnsmedlemmer etter forslag frå kommunar og domstolar. Skjønnsmedlemmane vert som tidlegare nemnd, nytta i saker som gjeld skjønn. For domstolane er det difor viktig at skjønnsmedlemmane har ein særleg kompetanse, til dømes innan verdifastsetting av landbrukseigedomar, økonomi og rekneskap, skogbruk, bygningsfagleg kompetanse eller reindrift.

Skjønnsmedlemmane har etter rettsgebyrforskrifta § 1-2 krav på godtgjersle pr. dag eller tapt arbeidsforteneste, som i tilfelle må dokumenterast. Å gjere teneste som eit innkalla skjønnsmedlem er ein plikt. Ein kan få fritak i ein del tilfelle, men dette må vere avtalt på førehand. Det vert stilt krav om fritaksgrunn og dokumentasjon på fritaksgrunn.

Det er gjennomført vandelskontroll av dei kandidatane som er foreslått, Jfr Domstolslova § 73 Jfr. § 79.

Det skal oppnemnast skjønnsmedlemmer frå 43 kommunar, i Vestland fylkeskommune.

Rettsleg grunnlag:

Vilkåra for å kunne vera skjønnsmedlem går fram av skjønnsprosesslova § 14 og domstolslova § 70, og §§ 71-74.

Det går fram av skjønnsprosesslova § 14 at:

«I hvert fylke skal det være et utvalg av skjønnsmedlemmer som oppnevnes av fylkestinget etter forslag fra tingrettene og fra kommunestyrene. Oppnevningen foretas innen 15. oktober året etter hvert kommunestyrevalg, og gjelder for fire år fra 1. januar det påfølgende år. Utvalget skal ha så mange medlemmer fra hvert domssogn som departementet fastsetter. Ved fastsettingen av antallet tas hensyn til hvor mangeskjønnsaker det vanligvis er i domssognet.

Ved oppnevningen skal det tas sikte på at utvalget får en allsidig sammensetning, og at de som oppnevnes har kyndighet på et eller flere områder som vanligvis berøres ved skjønn. Reglene i domstolsloven § 70, unntatt annet ledd nr. 1 om en øvre aldersgrense, §§ 71 til 74 og § 79 gjelder tilsvarende. Det samme gjelder retten til fritak på grunn av utdørt tjeneste etter domstolsloven § 90 første ledd annet punktum.

Fylkesrådmannen skal innen 1. november året etter hvert kommunestyrevalg sende oppgave over alle skjønnsmedlemmer i det fylkesvise utvalg til tingrettene og jordskifterettene i fylket og til vedkommende lagmannsrett. Oppgaven skal inneholde fullt navn, adresse, fødselsnummer, eventuell telefon til arbeidssted og privat, stilling og yrke, samt angivelse av hva vedkommende er særlig kyndig i.»

Reglane om sletting og oppnemning av nye skjønnsmedlemmer går fram av lova § 15:

«Sletting av skjønnsmedlemmer frå utvalget, jfr § 14, foretas av fylkesrådmannen når et skjønnsmedlem flyter fra fylket eller for øvrig vilkårene fr sletting foreligger eter reglene i domstolsloven § 76 første eller annet ledd. Før avgjørelse treffes, skal vedkommende skjønnsmedlem så vidt mulig få høve til å uttale seg, og han skal om mulig gis meddelelse om resultatet. Reglene i domstolsloven § 76 tredje ledd om klage gjelder tilsvarende. Klagen går til lagmannretten. I stedetfor et skjønnsmedlem som er slettet, oppnevner fylkesrådmannen en annen.

Beslutning om endringer i skjønnsmedlemsutvalget meddeles tingrettene og jordskifterettene i fylke og vedkommende lagmannsrett.»

Vilkåra for å kunna vera skjønnsmedlem kjem fram i skjønnsprosesslova § 14 som nemnd ovanfor, og i domstolslova §§ 70 med unntak av andre ledd nr. 1, øvre aldersgrense, og §§ 71-74, som gjeld tilsvarande for fylkeskommunen ved val av skjønnsmedlemsutval.

Domstolslova §§ 70 - 74 lyder:

§ 70. Den som velges, må ha tilstrekkelige norskkunnskaper, og for øvrig være personlig egnet til oppgaven.

I tillegg må vedkommende

1. være over 21 år og under 70 år, ved valgperiodens start,
2. ikke være fradømt stemmeretten i offentlige anliggender,
3. ikke være under offentlig gjeldsforhandling eller konkursbehandling eller i konkursskarantene,
4. stå innført i folkeregisteret som bosatt i kommunen på valgdagen, og
5. være statsborger i Norge eller et annet nordisk land, eller ha stått innført i folkeregisteret som bosatt i riket de tre siste år før valgdagen.

§ 71. Utelukket fra valg på grunn av stilling er:

1. Stortingets representanter og vararepresentanter,
2. statsrådets medlemmer, statssekretærer, statsrådenes personlige politiske rådgivere og ansatte ved Statsministerens kontor,
3. fylkesmenn og assisterende fylkesmenn,
4. utnevnte og konstituerte dommere og ansatte ved domstolene,
5. ansatte ved påtalemyndigheten, i politiet og kriminalomsorgen og personer som er tildelt begrenset politimyndighet,
6. ansatte i Justisdepartementet, Politidirektoratet og Domstolsadministrasjonen og dens styre,
7. ansatte og studenter ved Politihøgskolen og Fengselsskolen,
8. praktiserende advokater og advokatfullmektiger,
9. kommunens administrasjonssjef (medlemmer av kommunerådet i kommuner med et parlamentarisk styringssystem) og andre kommunale tjenestemenn som tar direkte del i forberedelsen eller gjennomføringen av valget.

§ 72. Utelukket fra valg på grunn av vandel er:

1. den som er idømt ubetinget fengselsstraff i mer enn ett år,
2. den som er idømt forvaring eller særreaksjoner etter straffelovens § 40 eller §§ 62 til 65,
3. den som er idømt ubetinget fengselsstraff i ett år eller mindre, og det ved valgperiodens start er mindre enn 15 år siden dommen var rettskraftig,
4. den som er idømt betinget fengselsstraff, og det ved valgperiodens start er mindre enn 10 år siden dommen var rettskraftig,
5. den som er idømt eller har vedtatt bøtestraff for et forhold som etter loven kan medføre fengsel i mer enn ett år, og det ved valgperiodens start er mindre enn 10 år siden dommen var rettskraftig eller vedtakelsen,
6. den som har fått betinge påtaleunntatelse eller domsutsettelse for et forhold som etter loven kan medføre fengsel i mer enn ett år, og det ved valgperiodens start er mindre enn 10 år siden avgjørelsen var rettskraftig.

Dom på samfunnsstraff medfører utelukkelse etter første ledd nr. 1 eller 3, avhengig av lengden av den subsidiære fengselsstraffen. Ved delvis betinget fengselsstraff vurderes hver del for seg etter første ledd.

§ 73. Kommunen skal kontrollere at ingen velges i strid med §§ 70-72.

For kontroll etter § 72 kan det foretas vandelsvurdering etter reglene i politiregisterloven § 45.

§ 74. En person kan kreve seg fritatt fra valg dersom helsetilstand eller andre særlige grunner tilsier det, eller vedkommende har vært medlem av et utvalg av lagrettedlemmer eller meddommere i to politiske perioder tidligere.

Avgjørelse om fritak treffes av kommunen.

§ 79, 1. ledd, 1 pkt: Etter anmodning fra en domstol, kommune eller fylkeskommune skal politiet gi opplysning om siktelse, tiltale eller dom mot personer som er aktuelle ved valg av meddommere, skjønnsmedlemmer eller jordskiftedommere.»

Vurdering

Fordelinga av skjønnsmedlem mellom domssokna i Vestland fylkeskommune er fastsett slik:

Domssokn:	Tal medlemmer:
Sogn og Fjordane tingrett	199
Hardanger tingrett	41
Sunnhordland tingrett	54
Bergen tingrett	221

Etne kommune er overført frå Sunnhordland tingrett til Haugaland tingrett, men det er framleis Vestland fylkeskommune som skal velja skjønnsmedlem frå Etne. Det skal veljast fire skjønnsmedlemmer frå Etne kommune.

I E-post av 02.04.2020 frå Vestland fylkeskommune til kommunane i Vestland fylkeskommune og tingrettane i Vestland, bad fylkeskommunen om at kommunane og tingrettane kom med forslag på skjønnsmedlem. Dei vart bedne om å levera forslag/merknader innan den 30.06.2020. Få av kommunane leverte forslag innan den fristen, enkelte til dels svært seint. Enkelte kommunar har ikkje levert forslag, dette trass i påminning. Dette skapar problem for innsamling av naudsynt informasjon om dei foreslåtte skjønnsmedlemmane.

Bergen tingrett har sendt inn forslag til skjønnsmedlemmer. Tingretten gjer merksam på at kandidatane ikkje er spurde på førehand om dei har innvendingar mot å stå på lista. Fylkesrådmannen av den grunn vald å ta desse forslaga ut av saka/lista. Vestland fylkeskommune har ikkje motteke forslag frå dei andre tingrettane i Vestland domssokn.

I skriv av 13.12.2019 frå Justis - og beredskapsdepartementet til kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene, går det fram i Retningslinjer for val av forliksmedlemmer og skjønnsmedlemmer, at det samla forslaget til skjønnsmedlemmer frå kommunane bør innehalde ca. 20 % fleire namn enn det talet som skal veljast. Det går deretter fram at: *«Oversikten over skjønnsmedlemmer skal inneholde opplysninger om de forslåtte navn, adresse, fødselsnummer, yrke og stilling, eventuelt telefonnummer til arbeidssted og privat, samt angivelse av hva vedkommende er særlig kyndig i, i den grad dette ikke dekkes av yrkesbetegnelsen.»*

Det går fram departementet sitt skriv av 13.12.2019 at dei i liten grad har bruk for skjønnsmedlemmer med «alminneleg kompetanse». Dei fleste domstolar har behov for skjønnsmedlemmer med kompetanse innan ulike sider av verdifastsetjing, bruk og drift av fast eigedom. Mange domstolar nemner også behov for skjønnsmedlemmer med særleg kompetanse på plan- og reguleringsprosessar og kunnskap om bygg- og anleggsvirksomheit. Mange ynskjer også at skjønnsmedlemmene har særleg kompetanse innan økonomi, revisjon og rekneskap. Domstolane gjer uttrykk for at det er viktig at det i opplistinga over skjønnsmedlemmene vert opplyst om kva for ein utdanning, stilling og erfaring dei har. Det er fleire kommunar som ikkje har opplyst om dette. I ei sak er det ikkje opplyst adressene til dei føreslåtte medlemmene.

I skriv av 13.12.2019 går det og fram at i domstolanes arbeidsmåtar, vil det vere ein stor fordel om skjønnsmedlemmene har ein viss digital kompetanse.

Mange kommunar foreslår berre så mange kandidatar som det skal veljast. Bergen kommune skulle komme med forslag på minimum 70 medlemmer. Dei har kome med forslag på 32 medlemmer. Bergen kommune har opplyst at dei lenge har forsøkt å rekruttera fleire medlemmer, mellom anna gjennom gjentatte utlysingar i presse og på kommunens heimesider, men utan å lukkast med dette.

I notatet til valnemnda er det sett frem forslag til val av tilsaman 498 skjønnsmedlemmer for Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget Jfr. skjønnsprosesslova § 14 1. ledd, Jfr. Reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for fylkestinget pkt. 2.4.5:
«Val og suppleringsval til særlovsorgan og andre organ oppretta av fylkestinget, der oppnemninga er lagt til fylkestinget».

Reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for valnemnda pkt 2, Oppgåver:
«valnemnda gir innstilling i saker om val av skjønnsmedlemer».

Vurderingar og verknader

Økonomi: Skjønnsmedlemmane har etter rettsgebyrforskrifta § 1-2 rett på godtgjersle pr. dag, eller tapt arbeidsforteneste. Dette er midlar som ikkje går over fylkeskommunen sitt budsjett.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Val av skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2021-31.12.2024 for Vestland fylkeskommune må gjerast.

Saksnr: 2020/395-3
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	24/20	28.09.2020
Fylkestinget	125/20	29.09.2020

Val av nytt medlem frå NHO til yrkesopplæringsnemnda

Forslag til innstilling

1. Medlem til yrkesopplæringsnemnda frå NHO:
2. Varamedlem til yrkesopplæringsnemnda frå NHO:

Samandrag

Det går frem av Reglement for folkevalde organ og delegering, Reglement for yrkesopplæringsnemnda at: Yrkesopplæringsnemnda er oppretta med heimel i opplæringslova § 12-3. Fylkestinget nemner opp yrkesopplæringsnemnda. Yrkesopplæringsnemnda skal ha 12 faste medlemmer med personlege varamedlemmer.

I møte i fylkestinget den 03.03.2020 vart det fatta vedtak om fritak for medlem Tom Knudsen frå verv i yrkesopplæringsnemnda, frå NHO. Det må no gjerast val av eit nytt medlem til yrkesopplæringsnemnda, frå NHO. Dersom dagens varamedlem (Kristoffersen) vert foreslått som nytt medlem, må det og gjerast val av eit nytt varamedlem.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Yrkesopplæringsnemnda skal ha 12 faste medlemmer med personlege varamedlemmer. Yrkesopplæringsnemnda er eit sentralt forum for utviklingsarbeidet innanfor fag- og yrkesopplæringa i Vestland fylkeskommune. Nemnda er eit rådgjevande organ. Arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane skal tilsaman ha 8 medlemar i nemnda.

Fylkestinget gjorde den 03.03.2020 slikt vedtak:

Vedtak

1. Tom Knudsen får fritak frå sitt verv som medlem i yrkesopplæringsnemnda.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å oppnemne nytt medlem frå NHO til yrkesopplæringsnemnda.

Tom Knudsen fekk fritak frå vervet. Fylkesutvalet har ikkje oppnemnt eit nytt medlem frå NHO til yrkesopplæringsnemnda.

Kommunelova § 7-10 4. ledd1. og 2. pkt. lyder:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomite eller fylkestingskomite trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte.

NHO har forslagsrett til eigne medlemmer og varamedlemmer.

Slikt val må gjerast.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, Jfr. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkestinget pkt. 2.4.6: «Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l.».

Vurderingar og verknader

Økonomi: Medlemmane i yrkesopplæringsnemnda vert lønna over budsjett til yrkesopplæringsnemnda.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Konklusjon

Slikt val må gjerast.

Saksnr: 2020/49803-6
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	25/20	28.09.2020
Fylkestinget	126/20	29.09.2020

Val av varamedlem til hovudutval for samferdsel og mobilitet

Forslag til innstilling

1. Som nytt varamedlem til hovudutval for samferdsel og mobilitet vert vald:
2. Som nytt varamedlem til klagenemnda vert vald:

Samandrag

Jann Atle Jensen, som representerte Folkeaksjonen Nei til mer bompenger (FNB), har gått bort. Jensen var varamedlem i fylkestinget, hovudutval for samferdsel og mobilitet og klagenemnda. Fylkesrådmannen rår til at ein gjer val av nytt varamedlem til hovudutval for samferdsel og mobilitet og klagenemnda.

Rune Haugsdal
fylkesrådmannIngrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Jann Atle Jensen (FNB) har gått bort. Jensen var varamedlem i folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Kommunelova og vallova inneheld nærare føresegner for korleis det skal det gjerast nyval når medlem eller varamedlem trer endeleg ut av eit folkevald organ.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val av medlemmer og varamedlemmer til folkevalde organ, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Vurderingar kring val av varamedlem

Jann Atle Jensen (FNB) var varamedlem i følgjande folkevalde organ i Vestland fylkeskommune:

- Fylkestinget
- Hovudutval for samferdsel og mobilitet
- Klagenemnda

Varamedlem fylkestinget

Av vallova § 14-2 (1) og (2) om nytt valoppgjjer og suppleringsval til fylkestinget følgjer at **fylkesvalstyret** skal foreta:

«...nytt valgoppgjjer når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner dette nødvendig.»

Frå førearbeida Ot.prp. nr. 45 (2001-2002) side 242 følgjer:

«Det er ikke noen automatikk at det skal være nytt valgoppgjjer i slike tilfelle. Som momenter av betydning når en skal vurdere nødvendigheten av nytt valgoppgjjer kan nevnes:

- Hvor stor er gruppen i kommunestyret eller fylkestinget?
- Hvor mange vararepresentantplasser er besatt?
- Hvor lang tid er igjen av valgperioden?»

Fylkesordfører viser til at FNB har 6 medlemmer i fylkestinget og 8 attverande vararepresentantar. Fylkesordfører finn det på denne bakgrunn ikkje naudsynt med noko nytt valoppgjjer i høve ledig vararepresentantplass til fylkestinget.

Varamedlem til hovudutval for samferdsel og mobilitet og klagenemnda

Av kommunelova § 7-10 (4) følgjer:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttreddende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnnet.»

Vidare følgjer av kommunelova § 7-10 (7):

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen.»

Fylkestinget skal gjere nyval av varamedlem til ledig varaplass i hovudutval for samferdsel og mobilitet og klagenemnda. Jensen var første vara for FNB sin medlem i hovudutval for samferdsel og mobilitet. Jensen var åttande varamedlem i klagenemnda.

FNB foreslår sjølv nytt varamedlem til hovudutval for samferdsel og mobilitet og klagenemnda. Varamedlem til desse organa treng ikkje veljast blant fylkestinget sine medlemmer, jf. vedteke reglement for folkevalde organ og delegering. Nytt varamedlem rykker inn på ledig varaplass, altså den plassen som står tom etter Jensen. Det er ikkje automatisk opprykk ved nyval. Dersom nytt varamedlem vert vald frå eksisterande liste over varamedlem, må det òg gjerast ytterlegare val for varaplass som vert ledig.

Fylkestinget skal velje FNB sin(e) foreslått(e) varamedlem dersom dei lovbestemte vilkåra om valbarheit er oppfylt.

Konklusjon

Fylkestinget gjer val av nytt varamedlem til hovudutval for samferdsel og mobilitet.
Fylkestinget gjer val av nytt varamedlem til klagenemnda.

Saksnr: 2019/11-51
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	26/20	28.09.2020
Fylkestinget	127/20	29.09.2020

Søknad om midlertidig fritak - Senea Sabanovic

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget innvilgar søknaden om midlertidig fritak.
2. Som settemedlem i hovudutval for samferdsel og mobilitet vert vald: Sandra Tenud (A)
3. Som nytt midlertidig varamedlem til hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald:
4. Som nytt midlertidig varamedlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald:

Samandrag

Rune Haugsdal
fylkesrådmannIngrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift***Vedlegg**

- 1 Søknad om midlertidig fritak frå politiske verv

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Senea Sabanovic har søkt om midlertidig fritak frå alle sine verv i Vestland fylkeskommune grunna svangerskap. Søknaden gjeld hennar verv som fast medlem i fylkestinget, hovudutval for kultur, idrett og integrering, og som vara til finansutvalet, fylkesutvalet, planutvalet og fylkesvalstyret. Søknaden om midlertidig fritak gjeld fram til 1. september 2021.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget avgjer søknader om midlertidig fritak, jf. kommunelova § 7-9 (2). Fylkestinget gjer val av medlem og varamedlem til folkevalde organ, jf. reglement for folkevalde organ og delegering punkt 2.4.3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Vurdering av søknad om midlertidig fritak

Søknad om midlertidig fritak er regulert i kommunelova § 7-9 (2):

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018) omtalar kva som typisk kan vere grunnlag for søknad om fritak:

«Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner.»

Fylkesrådmannen finn at svangerskap er i kjerneområde for kva forhold som gir grunnlag for fritak. Fylkesrådmannen finn at vilkåra for midlertidig fritak etter § 7-9 (2) er oppfylt.

Val av settemedlem

Av kommunelova § 7-10 (2) følgjer:

«Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.»

Av førearbeida:

«Dette kan gjøres dersom et fast medlem av organet har fått fritak i minst tre måneder.»

Fylkesrådmannen rår til at det vert vald settemedlem til hovudutval for kultur, idrett og integrering. Etter lova er det då varamedlem nr. 1 på Arbeiderpartiet si liste, Sandra Tenud, som skal veljast som settemedlem.

Suppleringsval varamedlem

Suppleringsval av varamedlemer er regulert slik i kommunelova:

§ 7-10 (6):

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg). Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Formannskapet eller fylkesutvalget kan få delegert myndighet til å velge varamedlemmer til andre organer»

§ 7-10 (7):

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.

...Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

Fylkestinget gjer suppleringsval av midlertidig varamedlem dersom gruppa (Arbeiderpartiet) foreslår ny(e) midlertidige varamedlem. Dette gjeld nytt midlertidig varamedlem nr. 5 til hovudutval for kultur, idrett og integrering og nytt midlertidig varamedlem nr. 6 til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret.

Planutvalet er føreslege lagt ned av arbeidsutvalet som reviderer delegeringsreglement. Dersom fylkestinget gjer vedtak om dette, skal det ikkje veljast nytt midlertidig varamedlem her.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at det ikkje skal gjerast val av settemedlem eller suppleringsval for Sabanovic si plass i fylkestinget. Her vert vara kalla inn i etter nummerrekkefølge på varaliste, jf. kommunelova § 7-10 (1).

Konklusjon

Fylkestinget innvilgar søknaden om midlertidig fritak.

Fylkestinget vel Sandra Tenud (A) som settemedlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Fylkestinget vel nye midlertidige varamedlem etter forslag frå gruppa det gjeld.

Søknad om midlertidig fritak frå politiske verv.

I samband med svangerskap søker eg om midlertidig fritak ifrå mine verv i Vestland fylkeskommune. På bakgrunn av dette kan eg ikkje ivareta mine fylkeskommunale verv i svangerskapsperioden på ein fullgod måte, og søker dermed om permisjon til 1.september 2021. Dette gjeld mine verv som fast medlem i fylkestinget, og hovudutval for kultur, idrett og integrering, og som vara til finansutvalet, fylkesutvalet, planutvalet og fylkesvalstyret.

Helsing

Senea Sabanovic

Saksnr: 2019/11-52
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	27/20	28.09.2020
Fylkestinget	128/20	29.09.2020

Søknad om midlertidig fritak - Tommy Mo Aarehun

Forslag til innstilling

1. Søknad om midlertidig fritak vert ikkje innvilga.

Samandrag

Tommy Mo Aarehun (A) har søkt om midlertidig fritak frå sine verv i Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen finn ikkje at vilkåra for fritak er oppfylt, og rår til at søknaden ikkje vert innvilga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad om fritak frå verv

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tommy Mo Aarethun (A) har søkt om midlertidig fritak frå sine verv i Vestland fylkeskommune. Dette gjeld verv som sjette varamedlem i fylkestinget og som andre varamedlem i hovudutval for opplæring og kompetanse.

Aarethun grunngjev søknaden med hans overgang til ny stilling som administrasjons- og kommunikasjonssjef i Initiativ Vest -En tankesmie for Vestlandet. Aarethun meiner det vil vere til vesentleg ulempe å skulle kombinere verva med ny jobb. Aarethun opplyser om at han i stillinga vil jobbe med tema og saker som òg er relevante for og vert behandla av fylkestinget.

Aarethun har i e-post datert 17. september 2020 klargjort at søknaden gjeld midlertidig fritak, med varigheit så lenge han stillinga som administrasjons- og kommunikasjonssjef i Initiativ Vest.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget avgjer søknader om midlertidig fritak, jf. kommunelova § 7-9 (2).

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Vurdering av søknad om midlertidig fritak

Midlertidig fritak er regulert i kommunelova § 7-9 (2):

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad fritta den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Av førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018 s. 364) følgjer:

«Fritak kan innvilges dersom det vil være til vesentlig ulempe for den folkevalgte dersom vedkommende ikke innvilges fritak. Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner. Etter bestemmelsen må det foreligge vesentlig ulempe. Dette innebærer at det ikke skal være kurant å få fritak.»

Fylkesrådmannen legg til grunn at det ikkje skal vere kurant å få fritak. I dette høve er det tale om fritak frå verv som varamedlem i fylkestinget og eit hovudutval. I fylkestinget er Aarethun sjette varamedlem. Aarethun har dels grunngjeve søknaden med at han i ny stilling vil arbeide med tema og saker som vert behandla av fylkestinget. Etter fylkesrådmannen si vurdering gir dette verdifull innsikt som kan tilførast fylkesting/hovudutval ved deltaking der. Eventuelle habilitetskonfliktar vil på vanleg måte bli vurdert av organet sjølv.

Sjølv om Aarethun har gått inn i ei krevjande leiarstilling, finn fylkesrådmannen etter ei konkret og samla vurdering at det ikkje vil vere til vesentleg ulempe om fritak ikkje vert gjeve. Fylkesrådmannen vil derfor rå til at søknaden ikkje vert innvilga.

Konklusjon

Søknaden om midlertidig fritak vert ikkje innvilga.

Søknad om fritak frå verv grunna overgang til ny stilling.

Til Vestland fylkeskommune

Bergen 14.09.2020

Hei,

Syner til § 7-9. *Uttreden og fritak i Lov om kommuner og fylkeskommuner* og søker med dette om fritak frå alle mine verv i og tilknytta Vestland fylkesting. Grunngevinga for dette er min overgang til ny stilling som Administrasjons- og kommunikasjonssjef i *Initiativ Vest – En tankesmie for Vestlandet* frå og med 01.08.2020.

Det vil etter mitt syn vera til vesentleg ulempe for min del å skulle kombinere verva mine med min nye jobb, og eg meiner dette ikkje let seg gjera. Dette blant anna fordi eg i denne stillinga vil jobbe med ein del av dei same temaene og sakene som også er relevante for, og vert handsama av Vestland fylkesting.

Mvh,

Tommy Mo Aarethun

Saksnr: 2019/11-53
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	28/20	28.09.2020
Fylkestinget	130/20	29.09.2020

Val av midlertidig nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Leiar i valnemnda har bede om at sak om val av midlertidig nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert sett på saklista.

Saka vert lagt fram utan saksframlegg, då administrasjonen ikkje har fått førebudd dette.

Saksnr: 2019/11-45
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	29/20	28.09.2020
Fylkestinget	121/20	29.09.2020

Val av rådsmedlem til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Forslag til innstilling

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane - rådet:

Medlem:

Varamedlem:

Samandrag

Fylkestinget har tidlegare i år og i desember i fjor gjennomført dei fleste av vala til ulike styreverv o.l. Oppnemningane og vala er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-2019-2023.pdf>

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om val av rådsmedlem til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmannIngrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget har tidlegare i år og i desember i fjor gjennomført dei fleste av vala til ulike styreverv o.l. Oppnemningane og vala er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-2019-2023.pdf>

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om val av rådsmedlem til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har fullmakt til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Generelt om val

For informasjon om generelle reglar som gjeld for dei ulike vala, syner fylkesrådmannen til tidlegare saksutgreiingar, t.d.:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=2145&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=59608&sourceDatabase=>

Om dette valet

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane - <https://www.misf.no/>

Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) si oppgåve som museum er å dokumentere, forske og formidle natur-, kulturarv og kunst i fylket. Følgjande sjølvstendige museum er i dag med i MiSF: De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum, Norsk Reiselivsmuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sunnfjord Museum og Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter.

Stiftinga har eit råd, som m.a. har til oppgåve å uttale seg om årsmeldingar, budsjett o.l., velje nokre av styremedlemene, velje valnemnd, m.m.

Fylkeskommunen skal velje ein av dei 23 rådsmedlemene. Stiftinga har også bede om at det vert oppnemnd ein varamedlem. Valet gjeld for fire år.

I perioden 2015-2019 var Jenny Følling fylkeskommunen sin rådsmedlem. Ho var ordførar i rådet i denne perioden.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje direkte relevant.

Klima: Ikkje direkte relevant.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Regional planstrategi: Ikkje direkte relevant.

Saksnr: 2019/11-46
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	30/20	28.09.2020
Fylkestinget	119/20	29.09.2020

Oppnemning av ny varamedlem til Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen

Forslag til innstilling

For resten av valperioden 2019-2023 oppnemner Vestland fylkeskommune følgende vararepresentant til Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen:

Varamedlem:

Samandrag

Det er behov for å velje ny varamedlem til Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen, etter at den valde varamedlemer Jann Atle Jensen nyleg gjekk bort.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er behov for å velje ny varamedlem til Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen, etter at Jann Atle Jensen nyleg gjekk bort.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har fullmakt til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Om valet

Verdsarvrådet er politisk samansett, med to folkevalde representantar frå Vestland fylkeskommune og to frå Bergen kommune. Kvar representant har ein vararepresentant, som møter ved fråvær. Det skal vere representasjon frå både posisjon og opposisjon. Leiarvervet vekslar mellom fylkeskommune og kommune, med ei årleg rullering.

Verdsarvrådet har to faglege bitsjarar frå kulturminneforvaltninga i kvart av forvaltingsnivåa. Leiar av fagrådet er fast observatør. Andre aktørar kan kallast inn ved behov. Verdsarvkoordinatoren i Bergen kommune er sekretær for rådet.

Fylkestinget skal no oppnemne ny varamedlem frå opposisjonen for resten av valperioden 2019-2023.

Verdsarvrådet og vervet er elles grundig skildra i oppnemningssaka 17.12.19, PS 36/2019. Saksframlegg og protokoll frå saka ligg tilgjengeleg på nett her: <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/Details/152?sourceDatabase=>

Generelt

Tidlegare oppnemningar og val fylkeskommunen har gjort, er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister.pdf>

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Saksnr: 2019/11-47
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	31/20	28.09.2020
Fylkestinget	122/20	29.09.2020

Val til styret i stiftinga Singerheimen valperioden 2019-2023

Forslag til innstilling

Val til styret i stiftinga Singerheimen:

Medlem:
Varamedlem.
Medlem:
Varamedlem:
Medlem:
Varamedlem:
Medlem:
Varamedlem:
Medlem:
Varamedlem:

Samandrag

Fylkestinget skal velje fem medlemmer med personlege varamedlemer til styret i Stiftelsen William H Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde (Singerheimen). Valsaka har vore fremja to gonger tidlegare, men har blitt utsett.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget har tidlegare i år og i desember i fjor gjennomført dei fleste av vala til ulike styreverv o.l. Oppnemningane og vala er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister.pdf>

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om val av fem medlemmer med varamedlemmer til styret i stiftinga Singerheimen. Valsaka har vore fremja to gonger tidlegare, men har blitt utsett.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har fullmakt til å innstille eller velje medlemmar til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Generelt om val til styre i stiftingar

I lov om stiftingar § 27 tredje ledd er det presisert at følgjande personar ikkje kan (kvar for seg eller saman) vere dei einaste medlemmene av styret:

*«a) den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,
b) nærstående av den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,
c) person som har tillitsverv i, eller står i et ansettelses- eller underordningsforhold til den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,
d) hvis den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen, er en juridisk person, person som har slik innflytelse som nevnt i § 4 tredje ledd over den juridiske personen, og hans eller hennes nærstående.»*

Likestillingslova § 21 første, andre og femte ledd gjeld når ein fylkeskommune skal peike ut heile styret i ei stifting, jf. stiftingslova § 27a. Når fylkeskommunen peikar ut delar av styret, gjeld dette tilsvarande for dei styremedlemene fylkeskommunen peikar ut. Dette betyr at kvart kjønn skal vere representert med minst 40 %.

Tenestetida for styremedlemmer er fire år, med mindre noko anna er fastsett i vedtektene til stiftinga. Ein styremedlem skal bli ståande i vervet inntil ny medlem er vald, sjølv om tenestetida er over.

For meir informasjon om generelle reglar som gjeld for dei ulike vala, syner fylkesrådmannen til tidlegare saksutgreiingar i valsaker, t.d.:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=2145&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=59608&sourceDatabase=>

Konkret om valet til styret i stiftinga Singerheimen

Stiftinga Singerheimen vart etablert i 1963 då eigedomen Dalheim vart overført til stiftinga frå Anna Brugh Singer sitt dødsbu. Stiftinga har som føremål å ta vare på og drive, på ein verdig måte, eigedomen Dalheim som ein kulturinstitusjon. Ved utleige skal ein prioritere tilsette ved sjukehusa i Sogn og Fjordane.

Stiftinga er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og ser på ulike molegheiter for å betre stoda. Stiftinga er i dialog med Musea i Sogn og Fjordane for å utarbeide ei løysing for museal drift av anlegget. Anlegget er under freding og endeleg forslag om freding vart handsama i hovudutval for kultur, idrett og integrering i sak PS 92/2020. Vestland fylkeskommune har sendt forslaget om freding til Riksantikvaren for endeleg vedtak.

Fylkestinget skal velje heile styret - fem medlemmer med personlege varamedlemmer.

Kvart kjønn skal vere representert med minst to i styret og sameleis blant varamedlemene. Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

Stryn kommune har høve til å føreslå to av dei fem medlemene dersom kommunen yter faste tilskot til stiftinga. Kommunen har i brev til Sogn og Fjordane fylkeskommune 29.11.19 kome med framlegg om følgjande personar til dei to verva:

Medlem: Jostein Fredheim
Varamedlem: Anne Margrete Tønning
Medlem: Margunn Skarstein
Varamedlem: Ragnhild Lunde

Styremedlemer i perioden 2016 - 2019 har vore:

Medlem: Åsne Folstad
Varamedlem: Jon Olav Kvamme
Medlem: Stig Vattekar
Varamedlem: Ingeborg Lysne Mcevoy
Medlem: Yngve Brakstad
Varamedlem: Jakob Andre Sandal
Medlem: Jostein Fredheim
Varamedlem: Anne Margrethe Tønning
Medlem: Margunn Skarstein
Varamedlem: Ingfrid Dårflot

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant
Klima: Ikkje relevant
Folkehelse: Ikkje relevant
Regional planstrategi: Ikkje relevant

Saksnr: 2019/11-48
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	32/20	28.09.2020
Fylkestinget	124/20	29.09.2020

Suppleringsval til styret i Stiftinga Vestlandsforskning valperioden 2019-2023

Forslag til innstilling

Fylkestinget vel følgjande til styret i Stiftinga Vestlandsforskning:

Medlem:

Varamedlem:

Samandrag

Fylkestinget valde styremedlemer til styret i stiftinga Vestlandsforskning den 03.03.20. Ein av dei valde styremedlemene, Camilla Schreiner, har bede om å få gå ut av styret på grunn av mogleg habilitetskonflikt mellom styrevervet og ny jobb. Det er derfor behov for å supplere styret med éin ny medlem. Dersom fylkestinget vel ein av dei eksisterande varamedlemene til styremedlem, i tråd med innstillinga frå stiftinga si valnemnd, vil det også vere behov for å velje ny varamedlem.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget har tidlegare i år og i desember i fjor gjennomført dei fleste av vala til ulike styreverv o.l. Oppnemningane og vala er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister.pdf>

Fylkestinget valde styremedlemer til styret i stiftinga Vestlandsforskning den 03.03.20. Ein av dei valde styremedlemene, Camilla Schreiner, har bede om å få gå ut av styret på grunn av mogleg habilitetskonflikt mellom styrevervet og ny jobb. Fylkesrådmannen har ikkje innvendingar til at Schreiner trer tilbake av denne årsaka.

Det er derfor behov for å supplere styret med éin ny medlem. Dersom fylkestinget vel ein av dei eksisterande varamedlemene til styremedlem, i tråd med innstillinga frå stiftinga si valnemnd, vil det også vere behov for å velje ny varamedlem.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har fullmakt til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Generelt om val til styre i stiftingar

I lov om stiftingar § 27 tredje ledd er det presisert at følgjande personar ikkje kan (kvar for seg eller saman) vere dei einaste medlemene av styret:

*«a) den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,
b) nærstående av den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,
c) person som har tillitsverv i, eller står i et ansettelses- eller underordningsforhold til den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,
d) hvis den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen, er en juridisk person, person som har slik innflytelse som nevnt i § 4 tredje ledd over den juridiske personen, og hans eller hennes nærstående.»*

For meir informasjon om generelle reglar som gjeld for dei ulike vala, syner fylkesrådmannen til tidlegare saksutgreiingar i valsaker, t.d.:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=2145&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=59608&sourceDatabase=>

Konkret om valet til styret i Stiftinga Vestlandsforskning www.vestforsk.no/mn

Vestlandsforskning er eit forskingsinstitutt som utfører forskning- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentleg sektor. Instituttet arbeider med forskning innan klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Instituttet utfører tverrfagleg bruksretta forskning, og er på den regionale, nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Ved instituttet er det om lag 30 tilsette og årssomsetnaden er om lag 25 mill. kr. Vestlandsforskning held til på Fosshaugane Campus i Sogndal.

Fylkestinget har tidlegare i år valt følgjande medlemmer til styret i stiftinga:

Medlem (leiar): Aleksander Øren Heen (Sp)
Medlem (nestleiar): Silja Ekeland Bjørkly (H)
Medlem: Camilla Schreiner, Cicero, Oslo
Medlem: Erik Kyrkjebø, Høgskulen på Vestlandet, Sogndal
Medlem: Arve Sandal, Førde
Medlem: Synnøve Aabrekk, Usus, Kristiansand

Varamedlem 1: Emil Gadolin
Varamedlem 2: Tone Fløtten, Oslo
Varamedlem 3: Kristin Rundsvæen Bøtun, Sogndal
Varamedlem 4: Svein Ove Slinde, Sogndal
Varamedlem 5: Kathrin Jakobsen, Bergen

Varamedlem 6: Kristin Maurstad, Bryggja

I tillegg er Svein Ølnes styremedlem valt av dei tilsette. Hilde G. Corneliussen er personleg vara for tilsettere representanten Ølnes.

Når Camilla Schreiner no har bede om å få gå ut av styret, er det behov for å supplere styret med éin ny medlem for valperioden 2019-2023.

Vestlandsforskning har ei eiga valnemnd som innstiller kandidatar til vala fylkeskommunen skal gjere. Valnemnda er samansett slik: Jan Heggheim (Vestland fylkeskommune), Tanja Storsul (Institutt for samfunnsforskning), Jorunn Røyrvik (Blix Hotell) og Terje Heggheim (Kinn kommune).

Valnemnda har kome med følgjande innstilling til fylkeskommunen:

«Ny styremedlem: Tone Fløtten, Fafo

Sidan Fløtten er varamedlem til styret i dag, medfører innstillinga at det også er behov for å velje ny varamedlem.

Ny varamedlem: Iselin Marstrander, adm. dir. i Nordlandsforskning (Bodø)»

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Saksnr: 2020/36559-8
Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	33/20	28.09.2020
Fylkestinget	123/20	29.09.2020

Kystpilegrimsleia. Oppnemning av politiske representantar til styringsgrupper

Forslag til innstilling/vedtak

1. Vestland fylkeskommune oppnemner to representantar til styringsgrupper for dei regionale pilegrimssenter, ein for Selje/Stad og ein for Bergen:

Namn (Selje/Stad): _____ (medlem)

Namn (Bergen): _____ (medlem)

Namn (Selje/Stad): _____ (vara)

Namn (Bergen): _____ (vara)

2. Oppnemninga gjeld i eitt år frå vedtaksdato.

Samandrag

Kystpilegrimsleia ble godkjent og opna som offisiell pilegrimsled i 2018. Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane har slutta seg til oppretting av regionale senter i Selje/Stad og i Bergen. Dette er no etablerte og det er set av midlar til drift av sentera i budsjett for 2020.

Ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia føreset at dei regionale pilegrimssenter som er etablert sikrast stabile og varige økonomiske rammevilkår. Vestland fylkeskommune har lagt tyngd i etableringa av Selje/Stad og Bergen regionale pilegrimssenter, og har ei klar forventning om staten støttar opp om satsinga i statsbudsjettet 2021.

Fylkesrådmannen ser det tenleg at det no vert oppnemnd to representantar, ein for styringsgruppa til Bergen regionale pilegrimssenter og ein for Selje/Stad regionale pilegrimssenter.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget handsama 17.12.2019 i PS1/2019 etableringa av to regionale pilegrimssenter i Vestland, eitt på Selje/Stad og eitt i Bergen:

- 1. Fylkestinget sluttar seg til etableringa av regionale pilegrimssenter i Bergen og Selje som ledd i ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.*
- 2. Delfinansiering av drifta av to regionale pilegrimssenter i Vestland vert handsama som del av arbeidet med økonomiplanen og budsjett 2020.*
- 3. Driftsfinansiering føreset at tiltaka vert finansiert etter ein modell der staten dekkjer 60%, kommunane 20% og Vestland fylkeskommune 20% av driftskostnaden.*

I budsjett 2020, vedteke av fylkestinget 17. desember 2019, vert det løyvd til saman kr 600.000 til to regionale pilegrimssenter i Kystpilegrimsleia i Vestland.

I verbaldelen heiter det:

Kystpilegrimsleia: Løyvinga på 600.000 vert fordelt likt på dei regionale pilegrimssentera i Bergen og Selje/Stad, under føresetnad av lokale finansieringsbidrag på minimum same beløp frå dei to kommunane i 2020.

Ved at prøvedrift er etablert både i Selje og i Bergen, Stad kommune har gått inn med kr 450.000, Bergen kommune vil gå inn med kr 300.000, er vilkåra for tilsegn oppfylt.

Om regionale pilegrimssentre langs Kystpilegrimsleia

Kystpilegrimsleia ble godkjent og opna som offisiell pilegrimsled i 2018. Leia skal formidle europeisk tradisjon, nordisk historie og norsk kultur og skal driftast av regionale pilegrimssentre (RPS).

Målet er at Kystpilegrimsleia skal vere et attraktivt reisemål og reiseveg for internasjonale, nasjonale og lokale pilegrimar med båt, til fots eller med offentleg transport.

Dei regionale pilegrimssentera skal være «fyrtårn» langs Kystpilegrimsleia, og blir viktige for koordinering og utvikling av aktivitetar, pilegrimsturisme, næringsverksemd, merking, skilting, frivillig engasjement, Den norske kyrkjas engasjement, overnatting og matsservering i sitt ansvarsområde.

Kvart RPS skal ha sitt ansvar knytt til et definert geografisk område langs kystpilegrimsleia. Ansvarsområda skal saman med Nasjonalt Pilegrimssenter (NPS) danne en samanhengande kjede med aktivitet og tilrettelegging for pilegrimar langs kysten frå Egersund til Nidaros.

Kystpilegrimsleia er med i samarbeidspartia sin politiske plattform for nye Vestland fylkeskommune:

Medverke til utviklinga av Kystpilegrimsleia, i nært samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, kommunar og kyrkje.

Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 – 2037. Politisk forankring

Kulturdepartementet sendte i 2019 ut på høyring *Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 - 2037*.

I Hordaland gjorde fylkesutvalet vedtak i saka 29.05.2019, jf. PS 81/2019. I Sogn og Fjordane handsama fylkesutvalet planen, jf. vedtak i sak 19/3911-2 den 08.05.19.

Begge fylkeskommunar slutta seg dermed til hovudintensjonane i den nasjonale pilegrimsatsinga og etableringa av regionale pilegrimssenter.

Kystpilegrimsleia gjennom Hordaland og Sogn og Fjordane er godkjend som lei i det nasjonale systemet av pilegrimsvegar. Oppfølginga av langtidsplanen inneber tilrettelegging av pilegrimsvegane og etablering av regionale pilegrimssenter langs desse.

Høringsutkast til langtidsplan - Finansieringsmodell

Langtidsplanen legg opp til ei finansiering av regionale pilegrimssenter basert på 60% statleg bidrag, 20% fylkeskommunal og 20% kommunal. Med kr 2 mill. pr. senter vert dette 400.000 på kommunane, 400.000 på fylkeskommunane og 1,2 mill. på staten.

Ved at Vestland fylkeskommune har vedteke to regionale pilegrimssenter, føreset finansieringa 800.000 pr. år for fylkeskommunen.

Innlemminga av Kystpilegrimsleia i det nasjonale systemet av pilegrimsleier, inneber at det totale talet på regionale pilegrimssenter aukar frå 6 til 10. I statsbudsjettet for 2020 er det ikkje teke høgd for denne auka. Rogaland, Vestland, Møre og Romsdal og Trøndelag fylkeskommunar har alle likevel vedteke å starte opp regionale pilegrimssenter, basert på prøvedrift i 2020.

Desse er sett i prøvedrift:

Rogaland: Avaldsnes

Vestland: Selje/Stad og Bergen

Møre og Romsdal: Smøla

Trøndelag: Trøndelag fylkeskommune er spesiell ved at Nasjonalt Pilegrimssenter ligg i Trondheim, og ved at Pilegrimsgården og Nidarosdomen der er mål for alle St.Olavsleiene i Noreg.

Det vil vere ei vesentleg utfordring å få den statlege finansieringa på plass i statsbudsjettet for 2021. Statsbudsjettet for pilegrimssatsinga må aukast med kr 4,8 mill.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tiltaket ligg inne i budsjett/økonomiplan 2020

Klima: Pilegrimsturisme er småskala reiseliv som i sin karakter ikkje har negativ påverknad på ytre miljø.

Folkehelse: Pilegrimsvandringar er aktiv fritid som stimulerer til betre folkehelse.

Regional planstrategi: Tiltaket er forankra i Regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *Premiss:kultur* og i Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*.

Konklusjon

Ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia føreset at dei regionale pilegrimssenter som er etablert sikrast stabile og varige økonomiske rammevilkår. Vestland fylkeskommune har lagt tyngd i etableringa av Selje/Stad og Bergen regionale pilegrimssenter, og har ei klar forventning om staten støttar opp om satsinga i statsbudsjettet 2021.

Fylkesrådmannen ser det tenleg at det no vert oppnemnd to representantar, ein for styringsgruppa til Bergen Regionale Pilegrimssenter og ein for Selje/Stad regionale pilegrimssenter.

Saksnr: 2020/36638-4
Saksbehandlar: Per Willy Mørk Karlsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	34/20	28.09.2020
Fylkestinget	129/20	29.09.2020

Val av eigarrepresentantar til prosjektstyret - samanslåing av fagskulane i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Val til medlemar og varamedlemar som eigarrepresentantar i prosjektstyret for samanslåing av Fagskolen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland, prosjektnamn Fagskolen i Vestland.

Medlem (styreleiar):

Varamedlem:

Medlem (nestleiar):

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Samandrag

Saka gjeld oppnemning av eit prosjektstyre for samanslåing av Fagskolen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland, jf. vedtak i fylkestinget, saksnr. PS70/2020, fylkestingets møte 09. - 10.06.2020. I saka til fylkestingets møte 29.09.2020, er det i innstillinga gjort framlegg om eit prosjektstyre for Fagskolen i Vestland som består av 9 medlemmer. Fylkestinget gjer val av 4 folkevalde medlemar og varamedlemar som eigarrepresentantar til prosjektstyret etter innstilling frå valnemnda, og fylkestinget vel leiar og nestleiar etter innstilling frå valnemnda. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt til å oppnemne 1 medlem og 1 varamedlem som administrative eigarrepresentantar og 2 medlemar og 1 varamedlem som representantar for regionalt arbeidsliv til prosjektstyret

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Grunnlag for oppnemning av prosjektstyret

Fylkestinget gjorde samrøystes vedtak i sak om organisering av fagskulane, saksnr. 2020/36638/2, PS 70/2020, saksprotokoll, 09. - 10.06.2020.

1. Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland vert ei eining frå 01.01.2022.
2. Prosjektnamnet Fagskulen i Vestland blir nytta i omstillingsprosessen.
3. Fylkestinget nemner opp eit prosjektstyre og vedtek mandat for samanslåinga til Fagskulen i Vestland 29.09.2020.

Fylkesrådmannen viser elles til lov om høgare yrkesfagleg utdanning av 08.06.2018 og styrevedtekter for Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane, fylkestinget 17.12.2019 - saksnr. PS 43/2019, som formelt grunnlag for oppnemning av prosjektstyret for Fagskulen i Vestland. I vedtektene heiter det at «... Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak. ...» jf. § 1.1 Lovgrunnlaget. Vedtektene slår vidare fast at fylkestinget vel eigarrepresentantar, leiar og nestleiar, og representantar frå arbeidslivet, jf. § 1-2 samansetning og oppnemning av styret.

Ny satsing på høgare yrkesfagleg utdanning

Den nasjonale satsinga og oppgraderinga av høgare yrkesfagleg utdanning gjev forventningar om ei kraftig utvikling av fagskulen. Kunnskapsdepartementet har m.a. gjeve NOKUT i oppdrag å vurdere innplassering av fagskuleutdanningane på nivå 6 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) tilsvarande den plasseringa bachelor-utdanninga har i dag.

Vestland er eit av dei største vare- og tenesteproduserande fylka innan sektorar som dei maritime og marine, olje og gass, landbasert prosessindustri, bygg og anlegg, og helse og oppvekst. Desse sektorane vil ha eit klart aukande behov for å få tilført høgare yrkesfagleg kompetanse og utgjer soleis eit grunnlag og eit potensiale for den nye fagskulen.

Det føreståande prosjektet om samanslåing av dei to fagskulane vil gje Vestland fylkeskommune den største fagskulen i landet. Prosjektet skal gje fylkeskommunen ein utdanningsinstitusjon som fagleg og administrativt kan tilfredsstille nasjonale forventningar til den nye fagskulen, og kan gje eit studietilbod som både møter etterspurnaden etter kompetanse frå arbeidslivet i Vestland og samstundes er ein utviklar av ny kompetanse gjennom utdanning og samhandling med dei ulike sektorane.

Framlegg til mandat for prosjektstyret

Til grunn for mandatet for prosjektstyret ligg Fylkestingets vedtak om å slå saman noverande to offentlege fagskular i Vestland til ein ny tenleg skule for høgare yrkesfagleg utdanning i regionen.

Fylkestinget gjer slikt vedtak til mandat for prosjektstyret for Fagskulen i Vestland:

Prosjektstyret skal etablere ein samla fagskule for Vestland fylke som bygger på noverande Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland.

Den nye fagskulen skal fullt ut vera i samsvar med «Lov om høgere yrkesfaglig utdanning» / fagskulelova av 08.06.2018, og skal syte for at fylkeskommunen skal kunne tilby akkreditert fagskuleutdanning i samsvar med behovet for høgare yrkesfagleg kompetanse i Vestland.

Prosjektstyret skal i prosjektperioden handsame saker som vedkjem den nye eininga m.a.: Tilsette prosjektrektor, tilsette rektor, utforme tilbudsstrukturen for 2022 / 2023, fastsette forskrift om opptak og rangering, eksamen, disiplinære sanksjonar, klagehandsaming og skikkavurdering, og fatte vedtak om eventuelle vesentlege endringar i studieplanar som skal godkjennast av NOKUT. Nye lokale forskrifter må vere sendt på open høyring og vedteke av prosjektstyret før samanslåinga trer i kraft. Forskriftene skal offentleggjerast i Norsk Lovtidend.

Til slutt må prosjektstyret også vedta eit kvalitetssystem for den nye fagskulen som skal bidra til å undersøkje og sikre kvaliteten ved utdanningane ved fagskulen.

Følgjande grunnprinsipp vert lagt til grunn:

- Studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet
- Fagskuleutdanninga skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
- Fagskuleutdanninga skal bidra til regional kompetanseutvikling og vekstkraftige lokalsamfunn i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv

Den nye fagskulen skal vere operativ frå 01.01.2022. Prosjektstyret skal seinast avslutte sitt arbeid 31.12.2021, eller når nytt styre for den nye fagskulen er oppnemnd.

Framlegg til prosjektstyre

Prosjektstyret skal bestå av 9 medlemmer fagskulelova :

- 4 folkevalde eigarrepresentantar
- 2 arbeidslivsrepresentantar
- 1 administrativ eigarrepresentant
- 1 studentrepresentant
- 1 tilsettere representant

Fylkestinget gjer val av medlemmar og varamedlemmar som eigarrepresentantar etter innstilling frå valnemnda.

Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt til å oppnemne 1 medlem og 1 varamedlem som administrative eigarrepresentantar til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.

Fylkestinget gjev fylkesrådmann i fullmakt å oppnemne 2 medlemmar og 1 varamedlem som representantar for regionalt arbeidsliv til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland

Fylkestinget vel leiar og nestleiar etter innstilling frå valnemnda.

Vurdering til grunn for samansetjing av prosjektstyret

Prosjektstyret består av ni medlemmar som også er talet på medlemmar i styra for dagens to fagskular, i samsvar med fagskulelova § 10. Det vil vere føremålstenleg om prosjektstyret primært rekrutterer medlemmar frå dagens to styre både ut frå behovet for fagskulekompetanse inn prosjektstyret, og ut frå omsyna til informasjonsflyt mellom prosjektstyret og fagskulestyra ved dei to fagskulane.

Samansettinga av prosjektstyret med 4 eigarrepresentantar og 2 medlemmar frå arbeidslivet opnar for ein tenleg representasjon frå dei to fagskulestyra. Tilstrekkeleg forankring av representasjonen frå tilsette og studentar kan sikrast ved at valt tilsettere representant får personleg varamedlem frå skulen som ikkje er direkte representert, og tilsvarande for representasjonen frå studentane. Det samla talet på 9 medlemmar i prosjektstyret kan soleis balansere omsyna til representasjon og til eit handlekraftig tal styremedlemmer for oppgåva.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har avgjerdsmynde. Valnemnda gir innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje direkte relevant

Klima: Ikkje direkte relevant
Folkehelse: Ikkje direkte relevant
Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Det vert tilrådd at fylkestinget utnemner 4 folkevalde medlemar og varamedlemar som eigarrepresentantar til prosjektstyret for samanslåing av Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland, prosjektnamn Fagskulen i Vestland.